



Radøy kommune
«ADRESSE»

Dato: 28.04.2014
Vår ref.: 2014/13131-4
Saksbehandlar: annvabo
Dykkar ref.: «REF»

Fråsegn til detaljplan for Selfallet nord - Radøy kommune

Vi viser til brev datert 3. mars 2014 om høyring av forslag til detaljregulering for Selfallet nord. Hovudføremålet i planen er bustad. Føremålet er i samsvar med kommunedelplan der området er sett av til bustadområde. Kommunen har vurdert at planen ikkje utløyser krav om konsekvensutgreiing.

Hordaland fylkeskommune vurderer planprogrammet ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar, i tillegg til oppstartmeldinga i brev av 6. juni 2013.

For utfyllande planfaglege råd viser vi til internettsidene våre: www.hordaland.no/plan/startpakke.

Vurdering

Areal- og transport

Hordaland fylkeskommune er positiv til utbygging av bustad nær senter.

Barn- og unge

Planforslaget tek omsyn til barn og unge på ei god måte, med leikplassar og uteareal som kan nyttast på ulike måtar og til ulike tider på året, og ferdsel gjennom området berre for mjuke trafikantar.

Arkitektur og estetikk

I planskildringa vert arkitektur og estetikk omtala under konsekvensar av planforslaget på ei god måte. Fylkeskommunen rår til at dette vert innarbeida i føresegnene.

Kulturminne og kulturmiljø

Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional sektorstyresmakt innan kulturminnevern.

Ut frå våre arkiv er vi ikkje kjend med at planen kjem i konflikt med automatisk freda kulturminne, eller andre verneverdige kulturminne, så difor har vi ingen avgjerande merknad til planen i forhold til kulturminne.

Vi tek likevel atterhald om at det kan vera uregistrerte fornminne i planområdet. Dersom det i samband med gravearbeid kjem fram funn eller konstruksjonar, må arbeidet straks stansast og Hordaland fylkeskommune få melding for ei nærare granskning på staden, jf. kulturminnelova § 8, 2. ledd.

Konklusjon

Hordaland fylkeskommune rår til at krav til arkitektur og estetikk vert innarbeida i føresegnene. Ut over dette har vi ingen vesentlege merknader til planforslaget.

Marit Rødseth
plansjef

Anne-Kathrine Vabø
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Sakshandsamar:

Anne-Kathrine Vabø, Regionalavdelinga, Planseksjonen

Øystein Skår, Kultur- og idrettsavdelinga, Seksjon for kulturminnevern og museum

Kopi til:

Statens vegvesen - Region Vest Askedalen 4

Fylkesmannen i Hordaland Postboks 7310